

**På tomannshand**

- Vi «sleppte» atom-bomber midt over Jæren så Stavanger og Sandnes vart feidd vekk, ja Egersund. Og vi «sleppte» atombomber over Moss. Vi gjorde knapt anna i mi tid på Hærens Stabsskule enn å trene i bruk av atomvåpen omkring i landet.

ÅSMUND FORFANG

Ein kraftsalve? Naja, ikkje meir enn det alle som er innanfor det militære systemet veit vel, meiner tidlegare major, no historikar Svein Blindheim, ein av etterkrigstidas mest brysame menn for dei som vil dra eit slør over etterkrigstidas minst like brysame løyndomar. Han fyller 70 år no fredag, denne stillfarne rabulisten som har stått midt oppe i dramatiska hendingar vi andre må gå til historiebøkene for å få greie på.

- Men historiebøkene snakkar ikkje sant, seier Svein Blindheim.

\*\*\*

- Eg er ingen taktikar! Dette må vi gje Svein Blindheim rett i. Han har opna kjef-ten på matar som har vore til stor ulempe for han sjølv, frå han i 1950-åra, mens han var offiser, gjekk i demonstrasjonstog mot atomvåpen og snakka imot NATO og for eit desentralisert norsk forsvar utanfor maktblokkene, til han i 1977 vart dømt av Høgsterett for å ha røpa at Noreg dreiv aktiv spionasje mot Sovjetsamveldet frå finsk jord.

- Det er vanskeleg å føre diskusjonar i forsvaret, seier Svein Blindheim. - Det strir mot lojaliteten å hevde noko som ikkje er godtatt av dei over deg. Du kan ikkje sitje nede på stigen og hevde det motsette av sjefane der oppe. Da får du raudblyanten over deg, og borte er du.

- Eg sa offentleg at vi øvde i bruk av atomvåpen i det norske forsvaret, men det vart offisielt benekta. Eg fekk brev frå forsvarsministeren der eg vart avkrevd ei forklaring. Men forklaringa er å finne i instruksjonsboka vår, «Taktiske direktiver for hæren». Der stod det at vi skulle innpasse atomvåpen i forsvaret vårt, og at hæren skulle lære å bruke dei heilt ned til bataljonsnivå. Og i mi tid ved Hærens Stabsskule i slutten av 50-åra dreiv vi knapt nok med anna enn å dra landet rundt og trene i bruk av atomvåpen. Vi hadde svære protokollar og logaritmetabellar vi bladde i for å kunne velje det våpenet som var det rette mot f.eks. 10000 fiendtlige soldatar i Østfold, kva rakettar vi skulle bruke, kor høgt oppe i lufta sprengladningane skulle detonere. Vi «sleppte» atombomber over Moss. Vi «sleppte» atombomber over Larvik, over Troms, over midt-Jæren så Stavanger, Sandnes, ja til og med Egersund vart feidd vekk.



- Det er mange som har sine svin på skogen, og dei vil pusse på historia slik at ho passar dei, seier Svein Blindheim. (Foto: Morten Brun)

# - Dei snakkar ikkje sant!

Vi fekk opplæring av ekspertar frå den amerikanske spesialskulen for bruk av atomvåpen i Oberammergau i Vest-Tyskland. Forsvarssjef Frødrick Bull-Hansen gjekk saman med meg på Stabsskulen, og kjenner godt til dette. Men i den offisielle historia høyrer det ikkje heime. Finn Gustavsen prøvde å få tak på «Taktiske direktiver for hæren», men fekk ikkje sjå boka. Kven juksar mest med historia? Å, det er mange som har sine svin på skogen, og dei vil pusse på historia slik at ho passar med det ein ønsker seg, seier Svein Blindheim.

Like kritisk er Svein Blindheim til den offisielle historia om den tyske okkupasjonen av Noreg i 1940. Dette var hendingar han stod midt oppe i sjølv, som offiser under kampane i Østfold i aprildagane, og seinare som medlem av Kompani Linge og aktiv motstandsmann her heime i fleire av krigsåra. Men han kjenner dei også som historikar. Etter at han søkte avskil frå militæret i 1965 har han vore lærar, og utdanna seg ved sida av til cand.philol. med historie som hovudfag. Spesialrådet hans er nettopp okkupasjonstida.

Den første tida av pensjonisttilværet skal han arbeide med eit forskningsprosjekt med tittelen «Forspelet til 9. april, og felttoget i Noreg fram til kapitulasjonen 10. juni».

- Det er eit forsøk på å revidere den skeive, ein-sidede framstillinga dei militære historikarane har gjeve, seier Blindheim.

- Det var ikkje faghistorikarar som skreiv denne historia, seier han. - Det var offiserar som hadde interesse av å rettferdiggjere seg sjølve. Men det er jo ikkje så merkeleg. Vi har

ingen tradisjon her i landet om at sivile historikarar skriv om krigshandlingar. Vi hadde jo ikkje vore i krig sidan 1814. Historieskrivinga i Forsvarets Krigshistoriske Avdeling vart gjort av offiserar, som levde innanfor det militære systemet, som skulle avansere, gå til topps i hierarkiet. Og dei sivile historikarane, som skriv lærebøker, bruker det dei militære har skrive om krigshandlingane i 1940. Knapt nokon har gått dei etter i saumane. Ein av dei få er historikaren Lars Borgersrud.

- Og det har skapt mange mytar om det som skjedde, seier Blindheim. - Ingenting fungerte i forsvaret av landet 9. april. Kvifor ikkje? Deira svar er: Vi vart ikkje varsla. Dei seier: Situasjonen var håplaus 9. april, og skylda ligg hos politikarane. Men vi hadde fleire soldatar enn okkupasjonsstyrkane - dei var berre plasserte på feil plass i landet, mot feil fiende. Og det har skapt ein av dei viktigaste mytane i etterkrigstida: «Aldri meir 9. april». I deira versjon vart Noreg utsett for eit offensivt åtak. Men det vart vi ikkje. Vi var egentleg ikkje hundre prosent nøytrale. England dreiv sitt renkespel for å føre krigen hit, og tyskarane måtte komma først, imot sine eigne planar. Dei militære versjonar har vorte den sterkaste grunngevinga for alliansepolitikken vår etter krigen: «Utanfor NATO er Noreg fortapt». «vi treng sterke hjelparar». Men det held ikkje. Vi ville stå mykje sterkare aleine, saman med Sverige og Finland ville vi utgjere ei nøytrale blokk. Og dette er eit synspunkt eg ikkje vil gje opp. Vi bør framleis stå på og hevde det, seier Svein Blindheim.

\*\*\*

- Men, seier Blindheim, - eg høyrer til den generasjonen som 1940 og okkupasjonstida - og tida etter 1945 - har sett eit utsetteteleg merke på kjenslemässig. Det seier seg sjølv at eg ikkje er ein utanforståande tilskodar som i opphøgd nøytralitet legg fortidas hendingar under lupa, om eg elles aldri så mykje prøver å tilfredsstille rimelege krav til objektivitet. Når eg snakkar om desse hendingane er det derfor både eit oppgjær med og eit møte med mi eiga fortid.

\*\*\*

Ja, Svein Blindheim har teke mange oppgjær, han har snakka ope der han ikkje burde ha gjort det, han har drege til side slør som burde henge slik dei hong. Og har fått seg mang ein smekk. Har det vore verd det?

- Ja, seier Svein Blindheim med ettertrykk. - Hadde eg ikkje drege sløret til side og sagt mi mening, ville eg ha halde fram som militær. I ettertid ser eg at eg har fått eit rikare liv på grunn av det eg har gjort.

- Men ein blir einsam, seier han. - Venner frå krigstida går forbi meg på gata utan å sjå meg. Det kan kjennast bittert.